



Truls og Petter Rørleggerservice AS
Storetveiten 167
5231 PARADIS

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/39 - 18/1711

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
29.01.2018

Løyve til tilkopling til kommunalt vatn og avløp med ansvarsrett einebustad - gbnr 43/19 Ryland

Administrativt vedtak. Saknr: 23/2018

Tiltakshavar: Tor Atle Oen
Ansvarleg søkjar: Truls og petter Rørleggerservice AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld tilkopling av nybygg bustad på Gbnr 43/19 Ryland til kommunalt vatn og avlaup. Det vert elles vist til søknad motteken 02.01.18 og supplert 25.01.18.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Trong for tilleggskommentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved e-post av 05.01.18. Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søkjar 25.01.18. Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida det har teke å supplere søknaden.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg føre samtykke frå berørte eigar av gbnr 43/50 Christer Hannisdal Oen, tinglyst 23.02.12.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplanen motteke 25.01.18. På situasjonsplanen er leidningar kryssa naboeigedommen Gbnr 43/50. Eigar av gbnr 43/50 Christer Hannisdal Oen, har i dokument tinglyst 23.02.12 samtykka til at tiltaket kan plasserast slik det er vist på situasjonsplanen.

Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.
Tiltaket skal knytast til offentleg vassverk og avlaup.
Det er søkt om og gjeve løyve til tilknytning til kommunalt vatn og avlaup den 25.01.18 i sak nr.18/39.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Tilkopling

Eigedomen skal tilkopla til eksisterande vatn og avlaupsleidningar på Gbnr 43/50 som er tilknytt de kommunale vatn- og avlaupsanlegg. Naudsynte erklæringar ligg føre og Administrasjonen har ingen merknad til at eigedomen vert tilknytt det kommunale vassverket og avlaup.

Ansvarsrett:

Ansvarsrett i saka går fram av erklæring om ansvarsrett og gjennomføringsplan, dagsett 22.12.17.
Ansvarlege i byggesaker innerstar for at tiltaket vert utført i samsvar med krav i eller i medhalda v lov, jf. pbl § 23 - 1.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for tilknytning av bustad til kommunalt vatn og avlaup av på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan motteke 25.01.18 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk/kloakkanlegg i samsvar med løyve til påkopling datert 29.01.18 og utførast i samsvar med godkjent VA-plan/situasjonsplan. Tilknyttinga skjer på følgjande vilkår:
 - Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
 - Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" – Kommuneforlaget.
 - Tilknyttinga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknyttinga er utført.
 - Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
 - Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2018 er tilknytingsgebyret for vatn og avlaup kr 20 000,- pluss mva, per bueining for vatn og kr 20 000,- pluss mva, per bueining for avløp. Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf. pbl § 23-3.
3. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.»

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og plan- og bygningslova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 18/39

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Ledningsnett Tor Atle Oen
Rørleggersøknad til kommunen 25.01.18
Gjennomføringsplan 25.01.18
Kontrollerklæring IR-TeknikkTor Atle Oen
Tillatelse tilknytning Gnr 43 Bnr 50

Vedlegg:

Søknad om tilknytning VA 21.01.18

Innmålt_bygg

C200 Plantegning

Måleprotokoll

Vedlegg B1a Koordinatliste

SV vedrørende søknad om tilkobling vann og avløp i sak 1839 Gbnr 4319

Kopi til:

Anny Bastesen

Tor Atle Oen

Mottakrar:

Truls og Petter Rørleggerservice AS Storetveiten 167 5231

PARADIS